



Arbeiderpartiet

Forslag til kommunebudsjett 2019 og økonomiplan 2019–2022

Forslag frå Høgre og Arbeidarpartiet

Formannskapet 114/18, 27. november 2018

Budsjett 2019 med økonomiplan 2019-2022

1. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019 og økonomiplan 2019–2022 med følgjande endringar:

	2 019	2 020	2 021	2 022
Endringar				
<i>Rådmannen:</i>				
* Reduksjon brann og beredskap	500 000	500 000	500 000	500 000
* Feilføring (forteiknsfeil) brukarstyrt personleg assistanse	280 000	280 000	280 000	280 000
Inndekning				
Studentpraktikantar	45 000	45 000	45 000	45 000
Formannskapetets ymsepost	75 000	75 000	75 000	75 000
Bygdahuspotten	50 000	50 000	50 000	50 000
Kulturkonsulent tenester	100 000	100 000	100 000	100 000
Reduksjon rådmannens auke til Brann og beredskap	100 000	100 000	100 000	100 000
Nye tiltak				
Auka løn til avlastarar	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Førebyggjande psykisk helsearbeid blant ungdom	-459 375	-627 813	-643 508	-659 596
Sosialhjelp utan fråtrekk av barnetrygd	-145 000	-145 000	-145 000	-145 000
Redusert SFO-betaling familiar med låg inntekt	-201 825	-201 825	-201 825	-201 825
Strandrydding og miljøtiltak	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Tilskot Visit Austevoll/snøggbåtstopp i Bekkjarvik	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000
Kulturbilletten	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Auka opningstid biblioteket	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Driftskonsekvensar pga. auka investeringar:				
Alle skule-PC-ane på eitt år	-33 000			
500.000 til turløyper og folkehelseiltak	-17 000	-25 000	-25 000	-25 000
Digital informasjonstavle	-1 350	-3 500	-3 500	-3 500
Endring i resultat	2 450	-154 138	-170 858	-187 996
Overskot frå rådmannens budsjett	3 733 000	8 279 000	8 061 000	8 765 000
Sum overført til disposisjonsfond	3 735 450	8 124 863	7 890 142	8 577 004

2. Austevoll kommunestyre vedtek følgjande investerings- og finansieringsbudsjett for perioden 2019-2022:

Investering	2019	2020	2021	2022	Sum
Startlån	-	4 000 000	4 000 000	4 000 000	12 000 000
IT Investeringar	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	4 800 000
Skule PC	2 000 000	-	-	-	2 000 000
Austevoll Ungdomsskule	41 800 000	8 788 410	-	-	50 588 410
Eigenkapitalinnskot KLP	950 000	1 000 000	1 050 000	1 100 000	4 100 000
Asfaltering	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	6 000 000
Oppgradering Bekkjjarvik bufellesskap/Birgittunet	2 000 000	-	-	-	2 000 000
Brannalarmanlegg - skular og omsorgsbustader	900 000	-	-	-	900 000
Ventilasjon omsorgsbustader	1 580 000	-	-	-	1 580 000
Ombygging kommunehus	300 000	-	-	-	300 000
Oppgradering Austevoll PO senter	700 000	-	-	-	700 000
Oppgradering brannstasjon - krav frå arbeidstilsynet	1 000 000	-	-	-	1 000 000
Oppgradering Eidsbøen idrettsanlegg	800 000	-	-	-	800 000
Infrastruktur Salthella	4 960 000	-	-	-	4 960 000
Aula Selbjørn skule	4 250 000	-	-	-	4 250 000
Kyrkjer	2 000 000	2 000 000	-	-	4 000 000
Investering turveggar	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
Digital informasjonstavle	70 000	-	-	-	70 000
Sum investeringar	66 510 000	18 988 410	8 250 000	8 300 000	102 048 410
Finansiering	2 019	2 020	2 021	2 022	Sum
Mva komp	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000	9 600 000
Unyttå lånemidlar fra 2018 på pågåande investeringar	9 210 000	-	-	-	9 210 000
Inntekt frå sal av eigedom	10 000 000	-	-	-	10 000 000
Tilskot frå husbanken	800 000	-	-	-	800 000
Bruk av fond	950 000	-	-	-	950 000
Låneopptak	43 150 000	16 588 410	5 850 000	5 900 000	71 488 410
Sum Finansiering	66 510 000	18 988 410	8 250 000	8 300 000	102 048 410

3. Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskriving av skatt på formue og inntekt for 2019 vert høgste sats lagt til grunn.

4. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skrive ut eigedomsskatt på «verk og bruk» med 7,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar, mars månad og oktober månad.

5. Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar i 2019 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.

6. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil kr 43.150.000 til investeringar i 2019. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innanfor ramma til finansreglementet.

7. Austevoll kommunestyre gjev Austevoll formannskap fullmakt til å vedta bruk av midlar avsett til strandrydding og miljøtiltak, og investeringsmidlar til turløyper og andre folkehelseiltak.

Budsjettmerknader:

a. Budsjettmerknadane er meint å gjere greie for formålet bak løyvingane i budsjettet. Der det oppstår tvil om korleis desse skal forståast, eller rådmannen meiner vilkår ikkje kan oppfyllest, så skal rådmannen legge fram sak om dette for kommunestyret.

b. Merknadene gjer først greie for nye tiltak i budsjettet, c-m. Dernest salderingstiltaka, n-p.

c. **Styrka psykisk helsearbeid overfor ungdom**

Det blir sett av lønsmidlar til ei ny full stilling for særleg å styrke det psykiske helsearbeidet overfor

ungdom. I budsjettet for 2019 blir det sett av 459 375 kroner, som tilsvarar ti månaders verknad og tilsetjing 1. mars 2019. Med heilårsverknad og lønsjustering er det sett av 627 813 kroner i 2020. Formålet med stillinga er å styrke det psykiske helsearbeidet overfor ungdom, og sikre større nærvær blant ungdom. Stillinga kan delast med barnevernet, og behovet det har, dersom rådmannen finn det hensiktsmessig og der det ikkje er i strid med kommunestyrets intensjon.

d. **Høgare løn for avlastarar**

Det blir sett av 100 000 kroner til avlastingsordninga. Løyvinga skal gå til å auke løna til avlastarar. Formålet er å sikre ei løn som står i høve innsatsen som avlastarar gjer, og å gjere det meir attraktivt for fleire å vere avlastar.

e. **Billegare SFO for familiar med låg inntekt**

Det blir sett av 201 825 kroner for å redusere foreldrebetalinga i SFO for låginntektshushald. Løyvinga tilseier ein reduksjon på 650 kroner i månaden for det første barnet. Definisjonen av låginntektshushald følgjer same utrekning som gjeld for gratis kjernetid i barnehage. Tiltaket er meint å gje barnefamiliar med låg inntekt meir å rutte med.

f. **Sosialhjelpsmottakarar får behalde barnetrygda**

Det blir sett av 145 000 kroner for å kompensere for tapt barnetrygd ved utbetaling av sosialhjelp. Løyvinga betyr at barnetrygda ikkje skal gå til fråtrekk som inntekt, ved utrekning av sosialhjelp. Tiltaket er meint å betre økonomien til personar med barn som mottar sosialhjelp.

g. **Fast løyving til strandrydding**

Det blir sett av 25.000 kroner til organisering av strandryddeaksjonar og andre miljøtiltak i kommunen. Midlane er meint å finansiere organisering av ryddeaksjonar i strandsona og natur, og kan vidare nyttast til å skape større merksemd om miljøvenleg åtferd.

h. **Reverserer kuttet til Visit Austevoll**

Det blir sett av 75.000 kroner til reiselivsarbeid. Beløpet er like stort som Visit Austevoll mottok i reint tilskot i 2018, men beløpet er lågare då me har gjort fråtrekk for ekstratilskotet dei fekk til kostnader knytt direkte til gjestetiltak. Tilskotet var ikkje vidareført i rådmannens forslag til budsjett. Midlane skal nyttast til tiltak i Visit Austevoll, men kan omdisponerast for å finansiere fleire snøggbåtanløp i Bekkjarvik.

i. **«Kulturbilletten» blir finansiert**

Det blir sett av 30.000 kroner til kulturbilletten. Sak om kulturbilletten har vore politisk handsama i perioden, men er førebels ikkje innført og det er ikkje sett av budsjettmidlar. Dette er ei ordning der skuleklassar med lærar kan nytta offentleg transport, mellom klokka 09.30 og 13.30 mot at kommunen betaler ein fast sum i året til Skyss.

j. **Auka opningstid på biblioteket**

Det blir sett av 30.000 kroner til auka opningstid på laurdagar på biblioteket i Bekkjarvik. Biblioteket har opningstid fram til kl 14.00, medan senteret er ope til kl. 16.00. Det er høge besøkstal på laurdagen, og det har vist seg behov for at opningstida til biblioteket følgjer opningstida til senteret.

k. **Alle skule-PC-ane skal kjøpast i 2019**

Kjøp av skule-PC-ar blir gjennomført i 2019, og ikkje fordelt med like stor investering i høvesvis 2019 og 2020. Dette betyr at alle elevane i den kommunale grunnskulen vil få eigen skule-PC i løpet av 2019. Investeringa medfører auka investering i 2019 på 1 mill. kroner, og det er avsett auka finanskostnader i driftsbudsjettet på 30 000 kroner.

l. **Auka løyving til turløyper**

Det blir sett av 500 000 kroner til investeringar i turløyper og andre folkehelseiltak. Løyvinga er auka med 300 000 kroner frå tidlegare år. Midlane er meint for å sikre sluttfinansiering av viktige folkehelseiltak og skal nyttast til prosjekt der det er ein stor grad av frivillig medverknad.

m. **Pengar til å nye informasjonstavler**

Det blir sett av 70 000 kroner til informasjonstavler. Beløpet dekker éi av to planlagde digitale informasjonstavler som skal erstatte dei gamle informasjonstavlene som no er demonterte.

n. **Kutt i innkjøp av konsulenttenester på kulturfeltet**

Det blir kutta 100 000 kroner i innkjøp av konsulent på kulturfeltet. Det er forventa at oppgåvene som innkjøpt kulturkonsulent gjer, må kunne dekkast innanfor dei budsjetterte midla på kulturfeltet, slik at dette ikkje skal gå utover kommunens kulturarbeid.

o. **Mindre vekst til brann og beredskap**

Rådmannens forslag til auke i ramma til brann og beredskap blir redusert med 100 000 kroner. I budsjettforslaget sitt viser rådmannen til eit driftsbehov i storleiksorden 400 000 kroner, noko som framleis er varetatt. Rådmannen varslar vidare ei politisk sak til våren, som skal ta for seg krav til utstyr og beredskap. Dersom denne tilseier at det er trong for ei ytterlegare løyving, bør dette vurderast i samband med budsjettrevisjon i juni 2019.

p. **Andre salderingar**

Formannskapet ymsepost blir redusert med 75 000 kroner, til totalt 275 000 kroner. Bygdahuspotten blir redusert med 50 000 kroner, til totalt 150 000 kroner. Løyvinga til studentpraktikantar blir halvert, frå 90 000 kroner, til 45 000 kroner.